



STATENS  
NATUROPPSYN

RAPPORT

M-1836 | 2020

# Årsrapport Breheimen 2020



**SNO lokalt:**

Liv Byrkjeland, Luster  
Øyvind Angard, Skjåk


**I tillegg har nasjonalparkstyret kjøpt tenester av:**

Skjåk almenning

Lom fjellstyre

Skjolden bygdeservice SA

Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Oddvar Vigdal, Tarjei Byrkjeland Aasen og  
Hilde Vindedal skjøtselsarbeid



Framsidesfoto: Sagavollen på Vigdalsstølen etter grana er fjerna. Foto: Liv Byrkjeland.  
Side 2: Tundradalen. Foto Liv Byrkjeland.

# Innhald

|  |    |
|--|----|
| 1. Kjerneoppgåver .....                              | 4  |
| 1.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....    | 4  |
| 1.2. Kort om aktiviteten.....                        | 4  |
| 1.3. Motorferdsel .....                              | 6  |
| 1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet..... | 6  |
| 1.3.2. Kort om aktiviteten.....                      | 6  |
| 1.3.3. Resultat eller reaksjonar.....                | 6  |
| 1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringar.....       | 6  |
| 1.3.5. Tilrådde oppfølgingspunkt .....               | 6  |
| 1.4. Villrein .....                                  | 6  |
| 1.4.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....  | 6  |
| 1.4.2. Kort om aktiviteten.....                      | 7  |
| 1.4.3.Resultat eller reaksjonar .....                | 8  |
| 1.4.5. Tilsyn med tamreindrift.....                  | 8  |
| 1.4.6. Oppfølgingspunkt .....                        | 9  |
| 1.5. Informasjon .....                               | 9  |
| 1.5.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....  | 9  |
| 1.5.2. Kort om aktiviteten.....                      | 9  |
| 1.5.3.Resultat eller reaksjonar .....                | 9  |
| 1.5.4. Utviklingstrekk eller utfordringar .....      | 10 |
| 1.5.5.Tilrådde oppfølgingspunkt.....                 | 10 |
| 1.6. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen .....         | 10 |
| 1.6.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....  | 10 |
| 1.6.2. Kort om aktiviteten.....                      | 10 |
| 2. Registrering/overvaking .....                     | 11 |
| 2.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....   | 11 |
| 2.2. Besøksforvaltning .....                         | 11 |
| 2.2.1. Kort om aktiviteten.....                      | 11 |
| 2.2.2. Resultat .....                                | 12 |
| 2.3. Bevaringsmål .....                              | 15 |
| 2.3.1. Kort om aktiviteten.....                      | 15 |
| 2.4. Rovvilt .....                                   | 19 |
| 2.4.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....  | 19 |
| 2.4.2. Kort om aktiviteten.....                      | 19 |
| 2.4.3.Anna rovviltarbeid i 2020.....                 | 20 |
| 2.5. Artsobservasjoner .....                         | 20 |

|  |           |
|--|-----------|
| 2.5.1. Kort om aktiviteten.....  | 21        |
| 2.5.2. Resultat eller reaksjonar .....   | 21        |
| 2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar .....                                    | 21        |
| <b>2.6. Kulturminne .....</b>  | <b>21</b> |
| 2.6.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet.....                               | 21        |
| 2.6.2. Registrering av kulturminne .....   | 21        |
| 2.6.3. Registrering av ferdssveg Høydalen - Nørdre Slampeløyfte - Storvatnet ..... | 22        |
| 2.6.4. Fonnfunn .....  | 22        |
| 2.6.5. Vardaruta over Sognefjellet.....  | 22        |
| 2.6.6. Oppfølging .....  | 22        |
| <b>3. Bestillingsoppgåver .....</b>  | <b>23</b> |
| 3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....                                | 23        |
| 3.2. Skjøtselstiltak.....  | 23        |
| 3.2.1. Kort om aktiviteten.....  | 23        |
| 3.2.2. Rydding og slått på Steinhaugen i Mørkridsdalen.....                        | 23        |
| 3.2.3. Rydding og haustbeite på Knivabakkli og Grandali .....                      | 24        |
| 3.2.4. Slått av engene i Mørkridsdalen .....                                       | 25        |
| 3.2.5. Tistelslått på Dalen .....  | 25        |
| 3.2.6. Andre små skjøtselsprosjekt i Mørkridsdalen .....                           | 26        |
| 3.2.7. Skjøtsel i Vigdalen .....   | 27        |
| 3.2.8. Tilsyn i Dumdalsgrottene .....  | 28        |
| 3.2.9. Skjøtsel Mysubytta.....   | 28        |
| 3.2.10. Utviklingstrekk og utfordringer .....                                      | 29        |
| 3.2.11. Tilrådde oppfølgingspunkt .....  | 29        |
| 3.3. Restaureringstiltak.....  | 29        |
| 3.3.1. Utbetring av stiar og bruer i Mørkridsdalen .....                           | 29        |
| 3.3.2. Kloppling i Mysubtdalen .....   | 31        |
| 3.3.4 .Utviklingstrekk og utfordringer .....                                       | 32        |
| 3.3.5.Tilrådde oppfølgingspunkt.....   | 32        |
| 3.4. Skilting .....  | 32        |
| <b>4. Vedlegg - bestilling av SNO ressurs i 2020.....</b>                          | <b>34</b> |

# 1. Kjerneoppgåver

## 1.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Kontroll med etterlevelsen av spesifiserte miljølovverk er kjerneaktiviteten i SNO. Basisen i det løpende kontrollarbeidet består av uniformert tilstedeværelse i aktuelle naturområder kombinert med rutinemessig kontroll av etterlevelsen av regelverket".

Føringar for verneområde i 2020:


- "Kjerneoppgaver knyttet til kontroll- og tilsyn skal prioriteres foran bestillinger om tiltak fra forvaltningsmyndigheten dersom det oppstår kapasitetsutfordringer.
- Arbeidet med bevaringsmål skal videreføres i tråd med instrukser fra fagavdelingen.
- SNO skal være et kompetansemiljø for skjøtsel, restaurering, tilrettelegging og fjerning av fremmede arter i verneområder. Det er derfor nødvendig å opprettholde og videreutvikle kunnskap og kompetanse innenfor fagområdene.
- Tiltak gjennomført av SNO skal bidra til å redusere truslene mot verneverdiene.
- Pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres.
- Et annet mål med forvaltningen av verneområdene er å ønske folk velkommen inn for gode naturopplevelser. Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi skal derfor også prioriteres. Graden av andre og nye tiltak vi kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og kompetanse".

Nytt av året er innføring av ein kontroll App på alle lovverk som hører inn under naturoppsynslova, bl.a. kontroll av nasjonalparkstyret sine vedtak etter Naturmangfaldlova.


## 1.2. Kort om aktiviteten

Figurane under viser oversikt over SNO sin oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsoppgåver. Figurane viser brukt arbeidstid i timer på ulike fagområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i løpet av 2020. Det blir stadig fleire arbeidsoppgåver, fordelt over fleire verneområde. Til dømes var SNO Luster i 33 ulike verneområde i løpet av 2020. Sjølv om arbeidet blir fordelt på fleire verneområde så blir det meste av arbeidstida brukt i verneområda forvalta av Breheimen nasjonalparkstyre (sjå figur 1 og 2).

SNO har blitt organisert i fagansvar og regionar. Berre har fagansvar for store verneområde. I tillegg har SNO-Skjåk fått fagansvar for motorferdseloppsyn i Innland, medan SNO-Luster hatt fått fagansvar for myrrestaurering og



Figur 1. Oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsoppgåver i 2020 for SNO Luster. Fordelt på 33 verneområde



Figur 2 Oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsområder i 2020 SNO Lom og Skjåk

kulturminne i Vestland og arbeid med bevaringsmål i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Dermed går det også med mykje arbeidstid til dette.

## 1.3. Motorferdsel

### 1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

*"Det er særlig forventninger til snøskuterkontroll, spesielt knyttet til kontroll med de nye kommunale løypene, samt innføringen av nytt overtredelsesgebyr. Oppsyn med barmarkskjøring skal prioritertes særskilt. I tillegg skal det gjennomføres kontroll med vannskuter i verneområder der dette er særskilt regulert i verneforskriften".*

### 1.3.2. Kort om aktiviteten

Det har også i år vore fokusert mest på kontroll av snøscooter, både i og utanfor verneområder. I verneområda har det vore kontrollert sporadisk dei vi har påtreft i samband med anna oppsynsteneste. Vi har fysisk kontrollert 8 stk snøscootere i verneområda, desse hadde alt i orden. Utanfor verneområda har vi som i fjor gjennomført fleire aksjonar i områda Sogndal, Valdres, Midt-Gudbrandsdalen og Nord-Gudbrandsdalen.

### 1.3.3. Resultat eller reaksjonar

Ingen ulovlegheiter oppdaga i verneområda i Breheimen.

### 1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det verkar som den lovheimla køyringa innafor verneområda går godt iht gjeldande regelverk. Utfordringa ligg noko meir utanfor desse, og vi har føringar på å prioritere også slik kontroll.

### 1.3.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

Fortsetja kontroll av lovhemla motorferdsel i verneområda. Spesielt sterkt fokus på barmark Elles blir det å ta tak i tips om ulovleg kjøring.

## 1.4. Villrein

### 1.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

*"Skal følgje med på villreinjaktutøvelsen, der fokus skal vera human og sikker jakt, samt informasjon og veiledning".*

### 1.4.2. Kort om aktiviteten

I villreinjakta har SNO bidrige med oppsyn ifht jaktutøvelse i samarbeid med Villreinutvalget Reinheimen og Breheimen som har ansvaret for dette. Villreinutvalget har eit oppsynskorps på om lag 20 oppsyn som fungerar i jakta, der SNO utgjer 6 av desse. Dette er Esben Bø, Per Olav Haugen, Liv Byrkjeland, Sverre Sæten, Thomas Rødstøl og Øyvind Angard. Vi går oppsyn i både Reinheimen og Breheimen, alt ettersom kor det er mest behov i forhold jegermasse og flokkstorleik. I tillegg bidreg SNO med teljingar av flokkane gjennom året som blir lagt inn i sett *rein* basen. Villrein blir derfor ein art som vi har mykje med å gjere gjennom året, både i og utanfor jakta.

| SNO-Innsats 2020 (2018, 2019) |             |                    |              |                            |
|-------------------------------|-------------|--------------------|--------------|----------------------------|
| Område                        | Dager felt  | Timer              | Kontrollerte | Informerte og kontrollerte |
| Nord                          | 23          | 281,5              | 28           | 128                        |
| Sør-Øst                       | 36          | 392,5              | 17           | 102                        |
| Sør-Vest                      | 3           | 34                 | 2            | 7                          |
| Sum                           | 62 (42, 45) | 708 (476,5, 495,5) | 47 (42, 47)  | 237 (261, 218)             |

Fordelt på 7 personer (Øyvind, Liv, Per Olav, Sverre, Thomas, Anders, Esben)

16 kjøttprøver/kjever fra voksne simler for radiocesium-måling  
Møkkprøver fra Sør-Øst



Figur 3 SNO-innsats i Reinheimen-Breheimen Villreinområde.



Figur 5. Alle almenningshyttene var stengt for jegerar i år pga Corona pandemien.

### 1.4.3. Resultat eller reaksjonar

|                     |         | Breheimen |      | SørVest | Fellingsresultat | 2020 |       |        |       |        |        |       |         |
|---------------------|---------|-----------|------|---------|------------------|------|-------|--------|-------|--------|--------|-------|---------|
|                     |         |           |      | Bukk    |                  |      | Simle |        | Felt  | Uttatt | Fell.  |       |         |
| Rettighetsråver     | Kommune | Fylke     | Kalv | 1,5 år  | Eldre            | Sum  | Kalv  | 1,5 år | Eldre | Sum    | totalt | kvote | prosent |
| Skjåk Alm           | Skjåk   | Oppl.     | 5    | 5       | 18               | 28   | 9     | 2      | 11    | 22     | 50     | 65    | 76,92   |
| Luster fellesområde | Luster  | Vestland  | 0    | 0       | 0                | 0    | 0     | 0      | 0     | 0      | 0      | 0     | #DIV/0! |
| Stryn statsalm.     | Stryn   | "         | 5    | 0       | 4                | 9    | 2     | 0      | 3     | 5      | 14     | 17    | 82,35   |
| Totalt              |         |           | 10   | 5       | 22               | 37   | 11    | 2      | 14    | 27     | 84     | 82    | 78,05   |
| <hr/>               |         |           |      |         |                  |      |       |        |       |        |        |       |         |
|                     |         | Breheimen |      | Sørøst  | Fellingsresultat | 2020 |       |        |       |        |        |       |         |
|                     |         |           |      | Bukk    |                  |      | Simle |        | Felt  | Uttatt | Fell.  |       |         |
| Rettighetsråver     | Kommune | Fylke     | Kalv | 1,5 år  | Eldre            | Sum  | Kalv  | 1,5 år | Eldre | Sum    | totalt | kvote | prosent |
| Skjåk Alm           | Skjåk   | Oppl.     | 10   | 7       | 27               | 44   | 15    | 7      | 23    | 45     | 89     | 124   | 71,77   |
| Luster fellesområde | Luster  | Vestland  | 6    | 1       | 8                | 15   | 8     | 2      | 11    | 21     | 36     | 44    | 81,82   |
| Stryn statsalm.     | Stryn   | "         | 0    | 0       | 0                | 0    | 0     | 0      | 0     | 0      | 0      | 0     | #DIV/0! |
| Totalt              |         |           | 16   | 8       | 35               | 59   | 23    | 9      | 34    | 68     | 125    | 168   | 74,40   |

Figur 4. Statistikk felling villrein Breheimen 2020

Søraust: 74,4 %

Sørvest: 78 %

Avskytinga er ganske stabil, slik at kvota for 2021 ser ut til å bli om lag som før.

Nytt av året, er at delar av sørvest stamma delvis frå februar har nytta fjellområda som ligg nord for RV15 og Breidalen. Dette var både fostringsflokkar (90-100) og bukkeflokkar (ca 25). Flesteparten av desse dyra kryssa inn i Breheimen att før jaktstart, men dei siste dyra kryssa ikkje RV15 sørover før 14.september, altså siste jaktdagen. Dette området som blir kalla nordvestområdet i Reinheimen, har ikkje hatt rein dei siste åra. Det er difor eit viktig oppfølgingspunkt å følgje med på utviklinga av områdebruken her utover vinteren. For reinen sin del er det positivt at den brukar eit større område med tanke på beitetrykk. Fotråte har så langt ikkje vorte oppdaga korkje på villrein eller tamrein i Breheimen. I Reinheimen vart det i år nesten ikkje funne dyr med fotråte. I samarbeid med Veterinærinstituttet har vi samla inn møkk frå skotne dyr i Breheimen, for å forske på om det kan vera noko samanheng mellom bakteriefloraen i dei to villreinområda.

### 1.4.5. Tilsyn med tamreindrift

På oppsynsturar i områda mot Sognefjellet/ Lomseggen på etterjulswinteren er vi av og til i kontakt med gjetarane til Lom tamreinlag. Dei kjem med flokken sin frå Visdalens før dei tek i bruk områda i Breheimen og inn mot Skjåk grense på vinterbeite. Dei kjem normalt inn i Breheimen i løpet av februar og reiser att mot kalvingsland i løpet av april. Når det lir ut mot avreisetid for dei, kjem normalt villreinbukkeflokkane over frå Lundadalen mot Bøverdalssida. Det er ei prioritert oppgåve å unngå samanblanding. Villreinutvalget og tamreinlaget har ei løpende avtale der dette er omtala. Vi i Sno følger med på, og er i jamleg dialog med tamreinlaget og villreinutvalget denne perioda på vårvinteren. Det er viktig å unngå samanblanding, da eit evt etterarbeid for å skilja dyra vil bli meir arbeidskrevjande og

vanskeleg enn å hindra dei i å gå i saman. Dette gjeld også for villreinstamma i Vest-Jotunheimen i den tida tamreinen beitar mot vest på Sognefjellet. I vinter kom det inn to villreinbukkar i tamreinlaget sin flokk på Lomseggen. Gjetarane lykkes i å jage ut den eine bukken, men avliva den andre, då dei ikkje såg det forsvarleg å jage meir på simleflokken sin.

#### 1.4.6. Oppfølgingspunkt

- Følgje med på utviklinga av områdebruken i nordvestområdet i Reinheimen utover vinteren.
- Jamleg dialog med tamreinlaget og villreinutvalget i tida dei er på vinterbeite i Breheimen. Samt få til eit møte mellom brukarane for å diskutere.

### 1.5. Informasjon

#### 1.5.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"SNO er en integrert del av Miljødirektoratet, og står for en viktig del av direktoratets utadrettede virksomhet og fronter i mange tilfelle direktoratet ute blant publikum. Det innebærer at vi har en viktig rolle for direktoratets omdømmebygging og i formidling av naturverdier og norsk miljøpolitikk".

#### 1.5.2. Kort om aktiviteten

Informasjon er ein del av arbeidskvardagen og viktig når det gjeld kontroll, rettleiing under tiltak, møte med folk og utveksling av kunnskap generelt.

Det er eit pågåande samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om aktuelle bachelor og masteroppgåver i verneområda. Ein ny masterstudent har hatt feltarbeid i Vigdalen LVO.

Elles har det vore ein del corona restriksjonar på informasjonssida i år, og dei fleste arrangement har vore avlyst.

SNO har bistått Nasjonalparkstyret og innleigde konsulentar med kunnskap på synfaringar og i styremøte.

Anna informasjonsarbeid er knytt til besøksstrategi og vert tatt hand om av nasjonalparkforvaltarar og verneområdestyrer.

#### 1.5.3. Resultat eller reaksjonar

SNO får mange tilbakemeldingar frå skular om at dei ynskjer at satsinga på naturveiledning til komande generasjonar bør prioriterast i vernearbeidet.



Figur 6. Avstand og mindre aktivitet på informasjonsarbeidet under pandemien i 2020.

#### 1.5.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

SNO jobbar lite med informasjon etter naturveiledninga er nedprioritert og informasjonsarbeidet er knytt til besøksstrategi. SNO sit på mykje kunnskap om verneområda og det er viktig å passe på at eksterne konsulentar og andre fagfolk kontaktar oss. Samarbeid med forskarar er viktig.

#### 1.5.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

- Sikre god kommunikasjon mellom eksterne fagfolk og SNO.

### 1.6. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen

#### 1.6.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Etterlevelseskонтroll i verneområder er et prioritert område i kontrollplan 2020. "

#### 1.6.2. Kort om aktiviteten og vidare oppfølging

Også i år har vi gjort kontrollar av bygg og inngrep som er gjeve løyve til frå verneområdestyret. Det er ikkje registrert noko avvik ifht løyva. Kontrollane er gjort med den nye Kontroll appen og arkivert i Feltdagboka.

Figur 7 viser døme på løyve som har vorte kontrollert av SNO i 2020.

Oppfølging 2021: Følge opp alle vedtak med kontroll



Figur 7. Kontroll av restaurert sel på Knivabakkli i Mørkridsdalen og ny inngjerding i Lundadalen.

## 2. Registrering/overvaking

### 2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Bestilte oppdrag fra Miljødirektoratet, Fylkesmannen eller verneområdestyrer, som er forankret og kvalitetssikret i SNO-S".

"Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi samt pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres. Graden av andre oppdrag vi kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og andre prioriterte oppgaver".

"Tilstandsutvikling for bevaringsmål følges gjennom overvåkning etter oppsatt frekvens (etter mal fra direktoratet, og knyttet opp mot forvaltningsplan). Nye bevaringsmål fases inn gjennom bestillingsdialogen"

### 2.2. Besøksforvaltning

#### 2.2.1. Kort om aktiviteten

Nasjonalparkstyret ynskjer å overvake trafikken i Mørkridsdalen (Grasøy 11.06-17.10 og Drivandefossen 06.05 - 25.10), Dumdalen og Raudalen. SNO har sett opp ferdselsteljarar i sommar.

To av dei gamle skilttavlene med nasjonalparkinformasjon i Jostedalen har vorte øydelagd av uver. Skiltet i Fagredalen vart plukka ned (figur 8), medan skiltet i Viva berre vart varsla om.





Figur 8. Skilttavla i Fagredalen var øydelagt og er no er rydda vekk.

### 2.2.2. Resultat ferdselsteljing


Resultata frå ferdselsteljinga på Grasøy i Mørkridsdalen er framstilt i grafikken i figur 9.

I 2020 var det totalt 6467 passeringar med litt fleire som går ut enn inn. Det kan kome av at turistane har gått frå Fast eller Arenzbu, eller at det er feilkjelde i materialet. I følgje DNT har trafikken på DNT rutene gått ned i Mørkridsdalen i år (artikkel i Fjell og Vidde), men lokalbefolkinga meinar trafikken har gått opp. Tala er om lag som i 2018. Det har vore størst trafikk søndagar, og ein stor topp i juli. Det rimar med bildet elles i Norge med mange nordmenn på tur i ferien.

SNO hadde oppe ein ferdselsteljar i Sotlia på råket som går opp mot Sottjern og Tverrådalen (figur 10). Totalt passerte det 3048 personar her, litt over halvparten oppover, noko som kan vera naturleg, då nokre går ei runde og nedatt lengre aust, og somme fortset turen mot Nørstedalsæter.



Figur 9. Statistikk over besøkande som går inn og ut Mørkridsdalen sommaren 2020.




Figur 10. Statistikk over besökande som går inn og ut i Sotlia sommaren 2020.

# Bevaringsmål

## 2.3.1. Kort om aktiviteten

Aktiviteten på bevaringsmål har gått opp i 2020 på grunn av at SNO-Luster har vore utpeikt til vere med å prøve ut overvakkingssystemet NatStat/NatReg. Arbeidet går ut på å overvake utviklinga av naturtilstanden i samband med at det vert gjort tiltak. Kva er målet med tiltaket og kva er effekten? SNO skal bruke nettrett i felt og gjere enkle målingar på bevaringsmål som er laga av forvaltar i datasystemet NatStat.

På Knivabakkgjerdet starta SNO med bevaringsmål teljingar av tistel allereie i 2012. Bevaringsmålet er formulert slik *"Redusere problemarten myrtistel til ein minimum i slåttenga for å fremja godt beite"*. Figur 11 viser stor framgang med tydleg reduksjon av tistemengda. I tillegg vart det laga nytt bevaringsmål i år *"Fremja slåtteartar i slåttenga. Bruke karve som indikatorart"*. På grunn av at slåtten har vore i gang lenge allereie så er naturtilstanden god på indikatorart.




Figur 11. Bevaringsmålarbeid i felt. Her blir det problemarten tistel talt på Knivabakkgjerdet. Til høgre ser det ut i nettbrettet.

Det er laga nye bevaringsmål for ryddetiltak i Steinhaugen og Knivabakkli i Mørkridsdalen og beiteprosjektet på Vigdalsstølen. I tillegg er det gjort nye målingar i slåttenga på Knivabakkgerdet og lauvenga i Mørkri.

I Knivabakkli og i Steinhaugen vart det laga overvakingstransekter før ryddinga vart sett i gang, og tilstanden for gjengroing er difor därleg (figur 12 og 13). I Steinhaugen blir det også målt på skugge/tresjiktdekning for å sjå på om det er nok lys på enga og om trea treng styving. Her er også tilstanden naturleg nok därleg når det ikkje er styva der på 50 år. Det er laga tre bevaringsmål i Steinhaugen: *"Lauvenga skal ha tydleg slåttemarkspreng med lite innslag av problemarten tyrihjelm"*, og *"Lauvenga skal ha tydeleg slåttemarkspreng med godt innslag av indikatorarten tveskjeggveronika"*. *"Tresjiktdekninga skal vere karakteristisk for naturtypen, 5 – 25%"*

## Knivabakkgjerdet (144004)



Figur 12. Slik ser resultata frå målingane ut i NatStat systemet. Det minkar på tistelen!

Tilsvarande målingar er gjort på lauvenga i Mørkri. : "Lauvenga skal ha tydeleg slåttemarkspreng med godt innslag av indikatorarten jonsokblom og/eller raudknapp". "Lauvenga skal ha tydeleg slåttemarkspreng med lite innslag av problemveksten mjødurt", "Tresjiktdekninga skal vere karakteristisk for naturtypen, 5 - 25%. Det er gjort målingar i 2019 og 2020, men det er lite endringar mellom dei to åra (figur 15). Det bør vere større intervall mellom målingane sidan endringane går seint. Tilstanden er god på indikatorartar, enga får meir og meir engpreg, men framleis finst det ein del problemartar. Styvingstrea er framleis i god tilstand med ikkje for store trekruner.

Det har også vore målingar av utviklinga i slåttenga på Dulsete, men dette har ikkje vore målt i år.

I Vigdalén er det sett fylgjande bevaringsmål "Ope landskap og godt beite på stølvollen. Forbetre naturtilstanden frå å vere prega av attgroing til naturbeitemark av regional verdi." Dette blir målt på tre variablar: generell gjengroing av lyng, bjørk og einer, problemartern sølvbunke og regional viktig art tepperot som indikator på godt beite. Desse variablane vart valt ut frå eit referanseområde på Breisete som viser kva natur me ønska å få til med beite-tiltaket. Resultata av målingane viser at tilstanden er bra for regionalt viktig art og attgroing på sjølv stølvollen, men har forbetningspotensiale for mindre sølvbunke (figur 16).

Bevaringsmål transekta vart lagt på same stad som høgskulen i Vestland gjennomfører ruteanalysar i samband med ei masteroppgåve, figur 17.

## Knivabakkli (150005)

Gå til stort kart

|                      |                         |
|----------------------|-------------------------|
| Forvalningsmyndighet | Fylkesmannen i Vestland |
| Kommune              | Luster                  |
| Verneområde          | Mørkridsdalen           |
| Etablert             | 14.07.2020              |

Rask suksesjon / Rask gjenvekstsuksesjon i semi-naturlig jordbruksmark inkludert våteng ⓘ

Betra beitet ved å hindre attgroing av einer, tyrihjelm og bringebær.

|                |                                   |
|----------------|-----------------------------------|
| Status         | Dårlig                            |
| Etablert       | 14.07.2020                        |
| Oppstart       | 2020                              |
| Frekvens       | 1 år                              |
| Sist overvåket | 14.07.2020                        |
| Arter          | tyrihjelm (Aconitum lycocotonum ) |
| Enhet          | 1/100-delsfraksjon                |

**Metodebeskrivelse**

**+ Ny registrering**

| Dato       | Verdi | Merknad  |
|------------|-------|--|
| 14.07.2020 | 1     | Linje 1 - Knivabakkli (93602): Tilstand før bskjøtselen starta. Einer i begge ender (post 1, 14 og 15, tyrihjelm i midten (post 5-11), bringebær i resten... Linje 2 - Knivabakkli (93603): Mest tyrihjelm i nordenden og sørrenden av transekettet, bringebær midt på. Sjå foto.. |

Figur 13. Bevaringsmål i Knivabakkli "Betra beitet ved hindre attgroing av einer, tyrihjelm og bringebær".

## Steinhaugen (145204)

Gå til stort kart

|                      |                         |
|----------------------|-------------------------|
| Forvalningsmyndighet | Fylkesmannen i Vestland |
| Kommune              | Luster                  |
| Verneområde          | Mørkridsdalen           |
| Etablert             | 05.06.2020              |

Problemarter ⓘ Indikatorart ⓘ

Artsgruppessammensetning / Tresjiksdekning - total dekning ⓘ

Lauvenga skal ha tydlig slåttemarkspreg med lite innslag av problemarten tyrihjelm.

|                |                                   |
|----------------|-----------------------------------|
| Status         | Middels                           |
| Etablert       | 05.06.2020                        |
| Oppstart       | 2020                              |
| Frekvens       | 1 år                              |
| Sist overvåket | 05.06.2020                        |
| Arter          | tyrihjelm (Aconitum lycocotonum ) |
| Enhet          | 1/100-delsfraksjon                |


**Metodebeskrivelse**

**+ Ny registrering**

| Dato       | Verdi | Merknad            |
|------------|-------|--------------------|
| 05.06.2020 | 0,89  | Linje 1 (86402): . |


Figur 14. Tre bevaringsmål i med resultat middels og därleg tilstand i Steinhaugen før tiltak er sett i verk.

## Lauveng i Mørkri (145604)



Figur 15. Resultat av måling av bevaringsmåla i Mørkri. Liten endring mellom 2019 og 2020, men tilstanden er god på indikatorart og tresjiktdekning.

## Vigdalsstølen (150404)



Figur 16. Bevaringsmål for beitetiltaket på Vigdalsstølen.



Figur 17. Ruteanalyser i blokk på Vigdalsstølen. Eitt av bevaringsmåltransekta går gjennom same området.

## 2.3. Rovvilt

### 2.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Arbeidet med store rovdyr og kongeørn (dokumentasjon/datainnsamling, oppsyn med ulovlig jakt, skadefelling, skadedokumentasjon og bestandsovervåking) skal opprettholdes på minst samme nivå som tidligere, med særlig fokus på ulv."

### 2.4.2. Kort om aktiviteten

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar ein del arbeidstid på dette, og overvakninga medfører mange besøk i store delar av verneområda. Rovviltregistreringar vert rapportert gjennom Rovbasen som har eigen innsynsløysing.

Vi har halde fram bruken av viltkamera for å forenkle registreringa av yngling (figur 18). Også i år har dette bidrige til å få dokumentert yngling, som vi elles hadde måtte vore inne på barmark for å få status på. I løpet av vårvinteren fekk vi dokumentert tre ynglingar i Breheimen i år.



*Figur 18. Eksempel på dokumentasjon på yngling. Jervtispe som fløtt på ein unge. Viltkamera.*

Innsamling av DNA frå jervskit er også ein viktig del av registreringsarbeidet. Dette er med på å slå fast kor mange forskjellige individ vi faktisk har i områda våre. Innsamling av DNA dokumenterte 7 ulike individ som har vore innom Breheimen, eller i grensa til parken. Jervane bruker store område, og vart registrert i Lom, Skjåk, Luster, Stryn og Tafjord.

#### 2.4.3. Anna rovviltarbeid i 2020

Skuddplassundersøkelser etter lisensfelling av jerv eller kvotejakt på gaupe. Sjekking av spormeldingar på bjørn, ulv og gaupe for å få riktig status på slike meldingar.

## 2.5. Artsobservasjonar

Vi dokumenterer løpende, artar som er ønska av forvaltninga å registrere. Dei skal leggast inn i artsobservasjon.no, og gjelder både fuglar og dyr, samt at villrein blir lagt inn ei base som heiter settrein.no

### 2.5.1. Kort om aktiviteten

Det har vore gjennomført kontinuerleg innlegging av artar som blir påtreft i verneområda I Artsobs. Tilfeldige fjellrevobservasjoner blir lagt inn i Rovbasen.

I tillegg har vi hatt ute lyttestasjonar for hubro i Breheimen.

I år har det vore fokusert ekstra på jaktfalk, der vi har samarbeidd med fylkesmannen om å registrere hekkingar av denne. Elles er revir av kongeørn registrert av SNO ved å legge inn aktivitet i Artsobservasjonar og i Rovbase.

### 2.5.2. Resultat eller reaksjonar

Vi har fått opptak av eitt hubropar som kurtiserar og som kan ha fått fram ungar.

Vi har registrert 4 vellykka hekkingar av jaktfalk i Breheimen, desse er på Innland-sida.

### 2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det er ei utfordring av det ikkje har kome noko App for å registrere artar direkte på telefonen medan me er ute. Difor må observasjonane leggast inn på PC og det kan bli forsinkelse før det blir lagt ut.

## 2.6. Kulturminne

### 2.6.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- "Bestilte oppdrag fra fylkeskommune og Sameting.
- *Fonnfunn skal prioriteres ved sterk fonnsmelting.*
- *Oppsyn med kulturminner som besøkes i forbindelse med ordinært verneområdeoppsyn.*
- *Det forventes besøk på minst tre kulturminner av hver ansatt.*
- *Kulturminner som den enkelte kommer over i felt skal dokumenteres med GPS-posisjon og foto".*

### 2.6.2. Registrering av kulturminne

Vi har ein bestillingsdialog med fylkeskommunene om oppgåver knytt til kulturminne i områda våre. Blant anna registrering av nye kulturminne, og tilsyn med kjente kulturminne for å hindre øydelegging av slike. Nyleiting av fonnfunn er også ei av bestillingane.

### 2.6.3. Registrering av ferdsselsveg Høydalen - Nørdré Slampeløyfte - Storvatnet

SNO har i år halde fram med arbeidet med å registrere vardane over her, og vi har i samarbeid med fylkesarkeologen, funne ein god del gamle vardar som kan ha samanheng med ferdsselsruta over Lomseggen via Neto og vestover (figur 19) .



*Figur 19. Frå Slampeløyfte mot Storvatnet og Hurrungane i vest.*

### 2.6.4. Fonnfunn

I løpet av august/september har vanlegvis smeltinga av fonnene kome så langt at vi kan byrja å sjå spor etter villreinfangst og liknande I år vart dette ikkje tilfelle, då det smelta lite i denne perioda, og på dei fleste fonnene kom ikkje smeltinga så langt ned som på nivå med 2019.

### 2.6.5. Vardaruta over Sognefjellet

SNO har årleg tilsyn med hovudvardinga over Sognefjellet med å kontrollere villvarding og øydelegging av eksisterande vardar. Villvarding foregår langs vegen, men vi har ikkje registrert at dei gamle vardane har vorte øydelagde.

### 2.6.6. Oppfølging

Fortløpende kontrollar av desse objekta når forholda tilseier det.

## 3. Bestillingsoppgåver

### 3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Oppfølging av tiltak i henhold til bestillingsmøtene (bestillingsskjema og ESS). Gi tydelige tilbakemeldinger på hva vi kan prioritere av oppgaver. Igangsatte skjøtsels- og bekjempelsestiltak og tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevare skal prioriteres. Fortløpende vedlikeholdsarbeid på skilt, informasjonstavler, infrastrukturtiltak mv. som tilhører forvaltningsmyndigheten".

Breheimen nasjonalparkstyre har gjort bestilling av SNO ressursar i Breheimen og tilgrensande verneområde, sjå tabell i vedlegg. SNO har rapportert i Verneområdeloggen. I kapitla under er det vist ei kort oppsummering av tiltaka.

Det har også vore noko etterarbeidet etter flaumen også i år med noko arbeid på buforvegen og bruver i Mørkridsdalen. Nokre av tiltaka har vorte sett på vent på grunn av at Sherpane ikkje kunne kome frå Nepal på grunn av pandemien, og det var vorte sett i gong skjøtselsarbeid på Knivabakkli og Steinhaugen i staden for. Resten av skjøtselsarbeidet har vore gjennomført som før.

### 3.2. Skjøtselstiltak

#### 3.2.1. Kort om aktiviteten

I Luster har det vore jobba med å vidareføra igangsette skjøtselstiltak i landskapsvernområde i Vigdalen og Mørkridsdalen. I tillegg har det og vorte sett i gong med nye skjøtselstiltak i samsvar med skjøtselsplan.

#### 3.2.2. Rydding og slått på Steinhaugen i Mørkridsdalen

Steinhaugen er ein naturtypelokalitet med høg verdsetting og som er prega av gamle styringstre og attgroing i feltsjiktet. I februar starta arbeidet med rydding av nedramla tre som låg utover enga. I juni og august vart lauvenga slått med ljå og raka to gonger (figur 20). Nokre av dei sentrale almetrea vart pakka inn med netting for å unngå hjortegnag (figur 20). Eit ti tals oretre vart ringbarka for å sleppe inn meir lys til enga. Det har i tillegg vore noko større beitetrykk med sauebeite vår og haust. Stien opp til vårstølen vart også rydda.



*Figur 20. Slått, raking og innpakking av almetre.*

### 3.2.3. Rydding og haustbeite på Knivabakkli og Grandali

Stølen Knivabakkli har vore sterkt prega at attgroing. I skjøtselsplanen er det tilrådd å rydde stølsvollen og auke beitetrykket. I juli var to studentar der i to veker og rydda einer, slo og raka gras, lyng, bringebær, tyrihjelm, tistel og brennesle (figur 21). Når dette vart fjerna så vaks det opp gras slik at sauar starta å beite på stølen att. Saltsteinen til sauene vart flytta på Knivabakkgjerdet til Knivabakkli. I september og oktober vart det slept 220 snausauer i området, og dei snaubeita heile stølsvollen (figur 22). Landskapet på stølen vart eit heilt anna etter slått og beite. Stien forbi Bølifossen vart også rydda og merka betre.

I Grandali litt lenger inni Dalen vart det også slept 140 snausauer i september og oktober.



*Figur 21. Studentane Tarjei og Hilde jobbar med rydding på Knivabakkli.*



*Figur 22. Snauauer beitar på Knivabakkli i oktober.*

### 3.2.4. Slått av engene i Mørkridsdalen

SNO fjerna tistel med høymolfjernar på Knivabakkgjerdet i juni, juli og august. Stilkane vart fjerna slik at ingen tistlar fekk frøe seg. Slåttenga såg veldig bra ut med lite problemvekstar i år. Området med tyrihjelm var så godt som borte.

Særleg slåttenga på Knivabakkgjerdet har no fått dominans av urter, og det var difor ekstra sein slått i år slik at plantene fekk frøe seg (figur 23). Begge slåttengene vart slått i siste halvdel av august. Graset låg nokre dagar og vart deretter fjerna. På Dulsete står framleis ca 1/3 av enga uslått (figur 24).



*Figur 23. Slåttenga på Knivabakkgjerdet i juli 2020*



*Figur 24. Området som ikke blir slått.*

### 3.2.5. Tistelslått på Dalen

Mykje tistel gjorde beitet på Dalen därlegare. I 2017 og 2018 vart det slått tistel, men dette stoppa opp i 2019. I 2020 vart det gjort ny innsats på tistelfjerning, denne gongen med høymolefjernar. Resultatet såg veldig bra ut etter fjerninga i 2020 (figur 25).



*Figur 25. Dalen i 2015 og same stad under tistelfjerninga i 2020.*



### 3.2.6. Andre små skjøtselsprosjekt i Mørkridsdalen

SNO har rydda lauvenga på Kodlhaug i Mørkri for stubbeskot i vinter. Enga vart slått med ljå i juli. Det vart slått seinare på året enn før fordi det er viktigare å få ønska planter til å frøe seg, t.d. orkideer (figur 26) enn å drepe uønska planter som tyrihjelm som no er blitt lite av.

På Berget har SNO rydda tistel, bringebær og oppskot av småtre slik som tidlegare år. Det vart og slått noko sølvbunke (figur 75).



Figur 26. Vårmarihand i Lauvenga



Figur 27. Etter rydding på Berget i 2020.

SNO har ringbarka og hogge mange små- og litt større graner i Mørkridsdalen, Breheimen og Vigdalen når det har blitt oppdagat.

Det var vorte styva to ung-almar på nytt for å ha rekrutteringstre til dei gamle styvingstrea (figur 28). Fleire tre har vorte pakka inn med netting.



Figur 28. Styving av ung-alm i februar til venstre og juli til høgre.



### 3.2.7. Skjøtsel i Vigdalen

Granhogst prosjektet skaut fart i år, og all grana rundt Sagavollen vart saga ned i vinter (figur 29 og framsidefoto). I løpet av sommaren har tenesteytar rydda vekk mykje granbar (figur 30). På Breisete har det vore tenestekjøp med ein grunneigar som har ringbarka 250 smågraner. No gjenstår det berre nokre store graner nede med elva ved Vedahaugane.



*Figur 29. Granhogst på Vigdalsstølen i vinter.*



*Figur 30. brenning av granbar. Foto:Oddvar Vigdal*

Beiteprosjektet rundt Vigdalsstølen vart endra i år med meir intensivt beite rundt sjølve stølsvollen i trå med framlegg til skjøtselplan (figur 31). Det er også viktig å auka beitepresset der granene er fjerna slik at det ikkje sprutar opp med bringebær.

Vigdalen grendalag arrangerte ryddedugnad rundt Vigdalsstølen i oktober. Det vart stort oppmøte, og mykje småtre vart rydda rundt Sagavollen, Li-Hans fjøsen, rundt "badedammen" og å Fjellstølen (figur 32).



*Figur 31. Intensiv hestebeiting på Sagavollen.*



*Figur 32. Ryddedugnad på Vigdalsstølen (foto: Trygve Snøtun)*

### 3.2.8. Tilsyn i Dumdalsgrottene

I Dumdalen har vi også i år hatt oppe sperregjerder i samband med sårbar natur i starten av dalen. Rydding av søppel som vanleg i grottene og områda rundt. I enkelte grotter kjem det att ny tagging, og enkelte stader får det også vera i fred. Informasjon til folk i området om verneverdiane og viktigheita av skånsom ferdsel i grottene er tema ved informasjon. Tilsyn med bålpllassen som blir brukt jamnleg er også viktig for å halde den ryddig.

Vi fjerna skiltet som har stått ved inngangen til Spiralgrotta, då dette har kollapsa pga snøforholda der. Stanga var skeiv og folien ramla av. Vi må nok vurdere ein annan patent ved inngangane, noko som tålar snøtyngda eller noko som står oppে berre i sommarhalvåret.

På seinhausten fekk vi satt opp ei tavle som skal få ei til ved sidan av seg til våren (figur 33). Desse skal gjeva informasjon til brukarane av grottane om korleis dei skal oppføre seg i slike miljø, for å unngå å øydelegge grottenes sårbare eigenart.



Figur 33. Ny tavle i Dumdalen

### 3.2.9. Skjøtsel Mysubytta

På Mysubytta har det også i år vore gjort ein innsats på seterstulen, både innanfor gjerda og utanfor. Det har vore beitt med storfe på enkelte kveer, der eigar har gjort ein jobb i forhold til gjerding og å fløta dyr litt fram og attende rundt på seterstulen. Det har vore beitt med ein geitflokk på Teigakvee, slik at den er grundig behandla av geit, på slutten av sesongen beita dei meir utanfor seterstulen.

### 3.2.10. Utviklingstrekk og utfordringer

Fråfall av støtteordningar til beitenæringera etter fylkessamanslåing har ført til mindre lønsemdund og mogeleg nedlegging av sauebruk i Mørkridsdalen.

Igangsette tiltak må vidareførast, slåtten på Dulsete utvidast til heile enga att.

### 3.2.11. Tilrådde oppfølgingspunkt

- Vidareføre alle oppstarta skjøtselstiltak i Mørkridsdalen LVO
- Få i gang eit større skjøtselsprosjekt på haustingsskog i Mørkridsdalen.
- Følgje opp beiteprosjekt med storfe. Styrt beiting på Dulsete, Liane og Dalen.
- Endre beiteprosjektet i Vigdalen til meir intensivt beite på Fjellstølen.
- Gjere ferdig granhogst prosjektet i Vigdalen
- Starte ryddeprosjekt på stølen Drivande i Vigdalen
- Vidareføre oppstarta tiltak i Mysubyta
- Følgje opp skjøtselsprosjekt i Høydalens

## 3.3. Restaureringstiltak

### 3.3.1. Utbetring av stiar og bruer i Mørkridsdalen

Det har vore ein god del arbeid på stiar og bruer i Mørkridsdalen også i 2020.

1. Ny landgang på Liabrua (figur 34)
2. Utbetring av Haugsvegen (figur 35)
3. Utbetring av flaumskade på stien ved Heimsta Dalaholet.
4. Utbetring av sti mellom gamlebrua og nyebrua ved Knivabakkgjerdet.
5. Opprydding rundt hengebru ved Knivabakkgjerdet og klopplegging av myr (figur 36-38).
6. Restaurering av elveløp i Trågrovni (figur 39).



Figur 34. Liabrua har fått ny landgang.



Figur 35. Haugsvegen nedom Storatjørni. Her er det jobba mykje med å få vekk vatn frå stien og grusing i stien.



Figur 36. SNO stilte med mange folk, med tenesteytarar frå Lom fjellstyre og Skjåk almenning, på arbeidet med å rydde ved Knivabakkbrui og bruke materialet til klopplegging av myra før bruа.



Figur 37. Materialet frå bruа vert gjenbrukt



Figur 38. Kloppene beskyttar myra.  
Her har over 400 sauер passert.



*Figur 39. Trågrovi kom med nytt løp forbi stølen på Dalen slik at det er vanskeleg å kome fram på DNT stien. Skjolden bygdeservice har jobba i to dagar med å få løpet lengre opp i elva tilbake der det var.*

### 3.3.2. Klopplegging i Mysubytdalen


Vi fortsatte arbeidet med klopping av blautparti på råket mellom Mysubytta og Slæom. Vi køyrede ut halvklovingar av malmfur i vinter, med scooter. Desse tok vi fatt på i sommar og la ut på ein del plassar der det er myr og bekk som ein lyt passera på råket inn til Slæom. Vi nyttar fortsatt furu frå Skjåk og bindhakar smidd i Lom (figur 40).

### 3.3.3. Bruarbeid Høydalen

Kvar vår og haust, har vi i samarbeid med Lom fjellstyre opp og ned aluminiumsbrua over Høya ved innløpet til Høydalsvatnet. Dette gjer vi i kombinasjon med ettersyn på parkeringsplassen der, det vil seie justering av grindene og reparasjon av stakett og liknande. Vi lyt sjå på brukaret på bruhaugen til sommars, og mure opp noko betre landfeste på austenden (figur 41).



*Figur 40. Nye klopper på plass.*



*Figur 41. Brua over Høya, der det er behov for nytt brukar.*

### 3.3.4 .Utviklingstrekk og utfordringer

Flaumar og ras gir stadig nye utfordringar for arbeid med stiar og bruar. Førebygge mot meir vatn. Vi kan legge meir klopper langs blaute strekningar langs stigar der vi allereie har starta med klopping. F.eks Tverrådalen, Syrtbytdalen og Glittervassråket.

### 3.3.5.Tilrådde oppfølgingspunkt

- Rydde skog over Dulsetesvåi for å dempe flaum.
- Få på plass jarnbjelkar på Nobbakloppi.
- Grusing av sti ved Kakkadlsgjeldet.
- Nytt brukar over Høya.

## 3.4. Skilting

Ein del løveskilt har vorte skifta ut, og det er sette opp underskilt nokre stader. Underskilt om droneforbod i Mørkridsdalen måtte takast vekk att. Vi har erfaring med at dei nye skilta som er lakka over folien, held mykje betre. Det virkar som desse tålar været ute i det fri (figur 42 og 43).



Figur 42. Utskifta skilt i Vetledalen i Breheimen.



Figur 43. Nytt skilt i  
Vanndal i Breheimen

## 4. Vedlegg – bestilling av SNO ressurs i 2020

| Innspel om ønska SNO ressurs.                                |           |  |   |                  |   |                  |
|--|-----------|--|---|------------------|---|------------------|
| År 2020  |           |  |   |                  |   |                  |
| Bestiller:   | Breheimen |  |   |                  |   |                  |
| Verneområder   |           |  |   |                  |   |                  |
| Tilsyn/kontroll  | 1         | Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen naturreservat | Oppfølging av dispensasjonssaker fatta av nasjonalparkstyret og forvaltarar (inkl. utbetring og tilrettelegging av stiar etter flaumen). Gjeld oppfølging av dispensasjoner, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel | Liv: 7 Øyvind: 7 | Generell prioritering av kontrollverksamd. Kontroll/Godkjenning av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselsløyve/kørebok når løyet er gjeldande. | Gjennomført      |
| Tiltak (skjøtsel/tilrettelegg)                               | 1         | Mysubytta  | Skjøtselsplan - Tenestekjøpsavtaler   | Øyvind: 4        | Bevaringsmål - Hogst, Rydding, Slått, Beiting   | Gjennomført      |
| Tilrettelegging  | 2         | Honnørøye NR   | Varding stig Botn-Åsen  | Øyvind: 1        | Varding og noko rydding   | Gjennomført      |
| Informasjon  | 1         | Breheimen generelt   | Skifte ut gamle og slitne løveskilt. Sette opp droneskilt (underskilt på løveskilt) i innfallsporter med sårbare artar, jf. Sårbarhetkartlegging  | Liv: 2 Øyvind: 1 | Utskifting av løveskilt og montering av droneskilt i utvalde innfallsporter.  | Gjennomført      |
| Skjøtsel av vegetasjon                                       | 1         | Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO  | Oppfølging av tiltak i tenestekjøpsavtalar. (Slått, Dulsete, haustbeiteprosjekt, tilrettelegging og utbetring av stiar)   | Liv: 7           | Oppfølging i felt   | Gjennomført      |
| Skjøtsel av vegetasjon                                       | 2         | Mørkridsdalen LVO  | Slått av lauveng ved Jervane  | Liv: 1           | Årleg slått i juni for å få vekk høgstauder og få fram slåtteartar  | Gjennomført      |
| Skjøtsel av vegetasjon                                       | 1         | Mørkridsdalen LVO  | Rydde på Berget   | Liv: 1           | Jamleg tiltak mot lauvoppslag, særleg av gråor  | Gjennomført      |
| Skjøtsel av vegetasjon                                       | 1         | Alle LVO   | Skjøtselsplan: Fagleg bidrag og møte. Etablere faste fotopunkt i forbindelse med slått og beiting.  | 4                | Møte og innspel på framlegg frå konsulent.  | Gjennomført      |
| Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål) | 2         | Mørkridsdalen LVO og Vigdalen LVO  | Registrering av tekniske installasjoner   | Liv: 3           | Mål på bygningar og registrering av andre installasjoner. Prioritere stelsområde med høg risiko   | Ikke gjennomført |
| Informasjon  |           | Breheimen nasjonalpark   | Oppsetting av skilt   | Øyvind: 3        | Sette opp hovedavle og mindre skilt ved inngangen til parken  | Ikke gjennomført |
| Skjøtsel av vegetasjon                                       | 1         | Vigdalen LVO   | Uttak av gran Sagavollen. Tiltak har forankring i skjøtselsplan.  | Liv: 3           | Behov for oppfølging av arbeid i felt   | Gjennomført      |
| Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål) | 1         | Breheimen NP, Vigdalen LVO og Mørkridsdalen LVO  | Overvåking og fjerning av framande artar, gran  | 2                |   | Gjennomført      |
| Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål) | 1         | Rauddalen, Dumdalen, Hødnevollen, Mørkrid  | Ferdselsteljarar  | Liv: 2 Øyvind: 4 | Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.   | Gjennomført      |
| Tilrettelegging  | 1         | Mysubyttdalen  | Klopplegging  | Øyvind: 3        | Klopplegging på turistråket inn mot Slæom, og eventuelt på råket før og etter Storgrove - ny bru.   | Gjennomført      |
| Tilrettelegging  | 1         | Billingen  | Oppsetting av skilt /møtevirksomhet   | Øyvind: 3        | Oppsetting av skilt og møte.  | Gjennomført      |
| Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål) | 2         | Mørkridsdalen LVO  | Overvakting, bevaringsmål slåttemark Dulsete, Knivabakkjerdet og Jervane  | Liv: 4           | Prøve ut Natreg og Natstat  | Gjennomført      |

Figur 44. Bestillingsskjema av SNO-tenester.

#### **Statens naturopsyn**

**Telefon:** 03400/73 58 05 00 | **Faks:** 73 58 05 01  
**E-post:** [post@naturopsyn.no](mailto:post@naturopsyn.no) | **Nett:** naturopsyn.no  
**Post:** Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim  
**Besøksadresse:** Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturopsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområde, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.